



## STYREMØTE 3. 12.2012

Desse møtte: Ordførarar og styreleiar Ove Bernt Trellevik, Ordførar Eli Berland, Ordførar Siv Høgtun, varaordførar Anne Grethe Solbakk, kommunalsjef Åse Vik, rådmann Odd Magne Utkilen, Rådmann Stig Arne Thune, rådmann Steinar Nesse,

Sekretariat: Per Hillestad, Anne Grete Hareide (ref.) og Vignleik Brekke

Dessutan møtte Torgeir Sæter og Gerhard Inge Storebø og varaordførar Odd Bjarne Skogstad

27/12	<p><b>Referat frå styremøtet 3. september</b></p> <p>VEDTAK</p> <p>Referatet vart godkjent slik det ligg føre</p>
28/12	<p><b>Ny kyrkjeordning – kyrkjeverjer og prosten i Vesthordland møter</b></p> <p>Prosten i Vesthordland Egil Kopperud, kyrkjeverje i Askøy, Geir Wiksund, kyrkjeverje i Fjell, Aslaug Børve, kyrkjeverje i Øygarden, Olav Martin Vik og kyrkjeverje i Sund Beate Husa møtte.</p> <p>Orientering om arbeidet med ny kyrkjeordning og drøfting.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- økonomiske rammevilkår for soknet i framtida</li> <li>- kyrkja sin rolle i vår region</li> <li>- kommunal leiing sine tankar om kommunikasjon og samhandling med kyrkja i samband med ny kyrkjeordning</li> <li>- dei ulike alternativa for framtidig organisering</li> <li>-</li> </ul>
29/11	<p><b>Barnevernsvakt v/ Torgeir Sæter</b></p> <p>VEDTAK</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utkast til saksframstilling blir godkjend</li> <li>2. Saka blir send til dei ulike kommunane for vidare politisk handsaming i januar</li> </ol>
30/12	<p><b>Oppfølging fosterheimsplasserte barn – etablering av regionalt kontor v/ Torgeir Sæter</b></p> <p>VEDTAK</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det må leggest inn i saka at eit felles kontor også vil gi synergieffektar, nytt punkt 6 i innstilling som viser til at kontoret blir fullfinansiert.</li> </ol>

	2. Saka blir send til dei ulike kommunane for vidare politisk handsaming i januar.
<b>31/12</b>	<p><b>Plan og byggesak</b> – Kommunedelplan arbeid Næringsareal og strandsone</p> <p>VEDTAK:</p> <p>Det må lagast felles sak til neste styremøte. Saka skal vidare til behandling i kommunestyra gjerne med ein felles presentasjon.</p>
<b>32/12</b>	<p><b>Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel</b></p> <p>VEDTAK:</p> <p>Styret gir ikkje høyringssvar men tema regionale planar må takast opp att i regionrådet.</p>
<b>33/12</b>	<p><b>Ide – dokumentasjon trafikk v/ Rolf Øvretveit</b></p> <p>Orientering om plassering av kamera på riksveg 555 som kan informere publikum om trafikksituasjonen.</p>
<b>34/12,</b>	<p><b>Vegsaker</b> – vitjing av avd.direktør Finne og Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Avd.dir Finne og seksjonsleiar Aarethun orienterte om aktuelle vegsaker – Sotrasambandet og nord/sør på Sotra. Statens vegvesen og fylkeskommunen tek til orde for at regionen må verta samd om kva prosjekt og tiltak som skal inkluderast i ei bompengepakke-</p>
<b>35/12</b>	<p><b>HOG–energi, oppdatering</b> v/Dagleg leiar Ove Lunde</p> <p>Lunde informerte om arbeidet til organisasjonen. Visjonen er at Hordaland skal vera ein leiande energiregion i Europa. Organisasjonen prioriterer olje og gass, fornybar energi, miljøteknologi og kompetanse-og konkurranseevne.</p>
<b>36/12</b>	<p><b>Kommunesamanslåing</b></p> <p>Saka vart drøfta og det vart gjort fylgjande</p> <p>VEDTAK</p> <p>Det vert søkt statlege midlar for utgreiing om samarbeid og kommunesamanslåing. Kommunane i regionen vert invitert til å ta del i ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modellar for kommunestruktur med fordeler og ulemper.</p>
<b>37/12</b>	<p><b>Krisesenter</b></p> <p>VEDTAK:</p> <p>Styret i Regionrådet Vest ber rådmennene sjå nærare på krisesentertilbodet slik det er i</p>

	dag og samstundes vurderer alternative løysingar.
<b>38/12</b>	<b>Møteplan</b>  VEDTAK  Styremøte 9. sept vert flytt til 16 sept. Planen vert elles godkjent slik den ligg føre.  I tillegg til rådmannsmøte 21/1 – 13 vert det også lagt inn eit ekstraordinært styremøte denne dagen.
<b>39/12</b>	<b>Meldingar:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Interkommunale heilskaplege ROS-analysar</li><li>• Stemmerettsjubileum</li><li>• Kulturminnekonsulent</li></ul> VEDTAK  Rådmennene vert oppmoda om å ta stemmerettsjubileet og grunnlovsjubileet opp med skulesjefane.  Styret etterlyser sak til kommunane som gjeld kulturminnekonsulent.